

Evaluering av Felles Brukarutval (FBU) i valperioden 2019 – 2020

64 % deltakelse (7 av 11 faste representantar).

Helseføretaket skal legge til rette for brukarmedverknad, der brukarrepresentantar skal få reell påverknad, og brukarkompetansen skal nyttast ved planlegging, avgjerd og evaluering. Når du fyller ut skjemaet skal du ha i tankane korleis vi kan bidra til å betre behandlingstilbodet innan spesialisthelsetenesta og i samarbeid med kommunane. Hensikta med evaluering er å lære av erfaringane våre, både av det som var bra og det som ikkje var bra, slik at vi får ei positiv utvikling. Har vi:

Lite forbedringspotensial. 1 2 3 4 5 6 Stort forbedringspotensial.

Bruk skala frå 1 (svært lite potensial) til 6 (svært stort potensial)

Ein representant har merka av på 4 og ein anna på 3.

1) Blir alle oppgåvene til brukarutvalet ivaretatt? Sett alternative poeng, 1, 2, 3, 4, 5, 6 foran kvart kulepunkt:

- å følgje med på årshjulet til helseføretaket og bidra i mål- og strategiarbeid, hovudprosessar, forbetnings- og omstillingsprosessar og andre faglege prosjekt, og å delta/medverke/bidra i råd og utval i alle saker som gjeld tenestetilbodet
3 – 5 – 5 – 4 – 4
- å fremje saker som er viktige for brukarar, pasientar og pårørand
5 – 5 – 4 – 6 – 4
- å lage årsrapport om si eiga verksemd
6 – 5 – 5 – 4 – 4
- å komme med høyringsfråsegner til relevante planar og utgreiingar
4 – 5 – 5 – 6 – 4
- å møte på styremøta til helseføretaket i samsvar med punkt 1C (*fortrinnsvis leiar og ein observatør ...*)
5 – 6 – 3 – 1 – 4
- å foreslå brukarrepresentantar frå brukarutval eller organisasjonar til plan- og prosjektarbeid, råd og utval etter invitasjon
6 – 5 – 4 – 4 – 3
- å arrangere og/eller delta på relevante konferansar og kurs etter nærmare behov og avtale
4 – 6 – 4 – -- 4

- å samarbeide med andre brukarutval, brukrorganisasjonar og brukarrepresentantar i kommunane ved behov
2 – 5 – 5 - 2
- å ha kontakt med brukar- og pasientomboda i opptaksområdet og bidra til at helseføretaket følgjer opp årsrapportane deira
2 – 6 – 5 – 6 - 3
- å evaluere si eiga verksemd minst éin gong i løpet av funksjonsperioden
5 – 5 – 5 – 4 - 4
- å setje opp ein årleg møteplan i samarbeid med administrasjonen
6 - 6 – 4 – 1 - 5

b) Utdjup kulepunkta ved lavere enn 5 og 6 poeng:

- Har egentleg ingen kommentar til dette, då det i stor grad handlar om tid, ressursar og kapasitet. Då ressursane er begrensa vil opprioritering av det eine lett gå ut over det andre.
- Brukerutvalet fungerer bra og etter mi meining tar helseforetaket arbeidet på alvor og legg mykje arbeid ned i samarbeidet.
- Samarb. m. andre brukar. org. – usikker på dette.
- Kontakt med brukar- og pasientombodet ei viktig oppgåve.
- Viktig å ha ei reell evaluering slik som dette.
- Årleg møteplan er satt opp så godt som råd er.
- Alle som ber om ordet, får det og relevante spørsmål/ kommentarer blir besvart ut...det er min oppfatning.
- Selv er jeg svært nøye med å fremme saker som jeg mener er relevante for brukere, jeg får saker etter diskusjon fra Rådet i Solund.
- Jeg er aktiv tenker jeg også har kunnskap innefor mitt område som er Helse. Det at vi nå siste møte møtte styret Helse Førde var meget bra.
- Kjenner ikkje til samarbeid med andre brukarutval, brukarorganisasjonar (svært begrensa) eller brukarrepresentantar i kommunane.
- Kjenner ikkje til noke kontakt med brukar- og pasientombodet eller oppfølging av helseføretaket sine årsrapportar.

Svaralternativa i resten av skjema kan strykast eller markerast. Kom gjerne med utfyllande kommentar.

2) Brukarrolla. Har brukarrolla blitt anerkjent? Har du blitt inkludert og høyr i FBU? Ja, høyr og anerkjent. Delvis. Nei, ikkje inkludert og sett.

4

1

Dersom delvis, eller ikkje opplever brukermedvirkning som sett eller anerkjent, utdjup her:

3) Har du tru på at brukarstemmen på systemnivå har reell betydning i helseforetaket?

Ja. Delvis. Nei.

5

- Vi blir delvis høyrte – mellom anna gjennom saker vi tar opp med styret. Synes også at representantane frå foretaket verkar lydhøyre på det vi tar opp. Generelt er vel denne typen respons på ting vi har tatt opp vanskeleg målbart, men eg trur likevel vi har ein viktig funksjon.
- I prosjekt og utval der fagkompetansen har fleirtal, veg fagkompetansen tyngst.
- Det bør vere minst 2 brukarrepresentantar i prosjekt/utval.
- Viktig at referatet frå FBU vert teke til handsaming i styremøta.
- Brukarrepresentantane må ha reell brukarkompetanse.
- Brukarstemmen bør representere ein organisasjon ikkje berre seg sjølv. Helseforetaket er avhengig av legitimitet hos mannen i gata.
- Liten tyngde i enkelte grupper. Svak stemme i store tunge fagmiljø, her bør det vere to repr. og få ei form for opplæring / introduksjon, ikkje berre mandat og målsetjing.

4) Felles brukarutval i Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane (FBU). I kva grad er dette samarbeidet relevant i grupper du har vore representant i?

Ofte. Aldri. Av og til. Kjenner lite dei konkrete retningslinjene og praksis.

1 2 2

- Dette er tema som i liten grad er tatt opp. Kanskje også vanskeleg å flette inn i dei gruppene eg har deltatt i.
- Forsømt område.

5) Samansetjinga til brukarutvalet skal spegle heile verksemdsområdet til helseforetaket:

a) "... vanlegvis gjennom balansert representasjon frå somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling." Er det god balanse i dagens FBU? (Sjå innkallinga med faste- og vara medlemmer.)

God Svak Dårleg

3 2

Kommentar: Oversikten viser dårleg balanse mellom somatikk og psykiatri:

FBU 2019 – 2020 Deltakarar / Namn / Organisasjon.

- Audun Nedrebø, leiar **FFO (HLF)**
- Jan-Tore Odd **FFO (LHL)**
- Liv Stenbakk Krognest **FFO (LPP)**
- Åshild Helleset **FFO (MS-forbundet)**
- Per Tollefsen **SAFO (NFU)**
- Eldbjørg Lie **SAFO (NFU)**
- Gro Indrebø **Rusettervernet**
- Lisbeth Johnsen, nestleiar **Kreftforeningen – hjernesvulstforeningen**
- Magnus Strand **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**
- Eiliv K. Berdal **Sogn og Fjordane pensjonistforbund**
- Synnøve Solhaugen Engen **KS - Helse og omsorgsutvalet**
- *Elin Therese Sørbotten* *KS/Førde kommune*
- *Børge Tvedt* *Helse Førde*
- *Vara møter etter nærare avtale:*
- Marita Aarvik **FFO (LHL)**
- Geir Ytredal **FFO (LPP)**
- Torbjørg Aasen **FFO (LHL)**
- Frida Galaasen **SAFO(NFU/NHF)**
- Lene Grønsberg **Rusettervernet**
- Eivind Skjerven **Kreftforeningen**
- Aud Karin Netland **Fylkesrådet for eldre**
- Anny Urtegård **Sogn og Fjordane pensjonistforbund**

Står samansetjinga i forhold til antall prosjekt, råd og utval innan nemnde fagområder denne perioden?	Ja.	Delvis.	Nei.
	3		1

Kommentar til svaralternativ Nei: Samansetjinga står ikkje i forhold til desse grupperingane:

- Generelle grupper: 32 stk.
- Psykiatri og rus: 8 – 9 stk.
- Somatikk: 2 – 3 stk.

b) Vidare blir det peikt på pårørandeperspektivet, med særleg vekt på foreldre til sjuke barn er representert, i tillegg til eldre, barn, unge og etniske minoritetar, kjønns- alders- og geografisk representasjon, små og store organisasjonar slik at utvalet totalt sett har ei god forankring. Er du nøgd med forankringa?

Ja. Delvis. Nei.

2 1 1

- Trur vi er relativt representative. Med eit begrensa tal medlemmer i utvalet, sett i høve til mangfoldet av relevante interessegrupper og omsyn, ser eg ikkje for meg korleis vi skal gjere utvalet meir representativ og dekke fleire omsyn.
- Prinsippet "å representere alle" bør ikkje hindre FBU i å velge andre inn ulike prosjekt, råd og utval, som t.d. brukarorganisasjonen Voksne for barn og inkludere etniske minoriteter. Reell erfaringskompetanse bør vektleggast i spesialisthelsetenesta på dette nivået.

Ekstrasporsmål til representantar som har vore med i fleire perioder. Kva er utviklinga?:

Positiv.	Stabil.	Negativ.	Hugsar ikkje.
1			

- Her har eg problem med å forstå spørsmålet. Sjå konklusjonen min ovanfor at eg trur utvalet er relativt representativt.
- I forrige periode var det berre ein representant innan psykiatri og rus, og utan vararepresentant. I denne perioden er det er vesentlig bedre, men balansert representasjon mellom gruppene er det framleis ikkje.

6) Val. FBU er ei sjølvstendig eining i helseføretaket. Nytt for perioden er: A) Val av leiar og nestleiar, der administrerande direktør innstiller og Koordineringsrådet oppnemner. B) FBU har gitt fullmakt til nestleiar om å administrere liste over råd, utval og prosjekt.

A) Er du nøgd med at val av leiar og nestleiar ligg utanfor FBU sitt ansvar?

Ja.	Nei.	Usikker.
1	1	2

- Ingen kommentar Usikker.
- Mener FBU er kompetent...til å ta sine egne valg

B) Bør HF påverke andre val i FBU?

Ja. Nei. Usikker.

3 2

- Det ser eg ingen grunn til. Stiller heller spørsmål til om utvalet sjølv bør utnemne sin nestleiar.
- Nei FBU må kunne ta sine valg på fritt.
- Utvalet må ha sjølvstende

C) Råd, utval og prosjekt. Ein viktig del av arbeidsoppgåvene til brukarutvalet er å bidra med brukarkompetanse i råd og utval og prosjekt, og foreslå brukarrepresentantar etter invitasjon. Er du nøgd med dagens valordning der nestleiar administrer listene?

Ja. Nei. Delvis nøgd.

3 2

Viss Nei eller Delvis nøgd ber vi deg kommentere:

- Det ligg i denne delegeringa at nestleiar konfererer med leiar og eventuelt eit arbeidsutval dersom eit slikt utval er oppnemnt av FBU.
- Viktig at førespurnaden til FBU går ut til alle representantane.
- Den som tek på seg oppdraget må ha reell brukarkompetanse på det feltet det gjeld.
- Oppnemninga handsamast i møte (tlf, teems, etc).
- Kva ligg det i å administrere listene? Blir makt og mynde tatt frå representantane?
- Spørsmål om breie fullmakter blei tatt opp svært tidleg i brukarutvalet, før nye medlemmer hadde fått gjort seg kjende. Saksførebuinga? Rom for diskusjon? Konsensus?
- Tidlegare har dette arbeidet vore lagt til sekretæren.

Blir dei demokratiske rettane ivaretatt med rom til å belyse ulike sider av ei sak? med til dømes opne val?

Ja. Varierende Nei.

2 2

- Medlemene av utvalet har høve til å påverke vala. På grunn av relativt få møter i FBU må ein av praktiske grunnar delegere til nestleiar utnemning av representantar i prosjektgrupper, gjerne ette ei ringerunde eller epost-runde.

I **"Retningslinjer for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå"** som FBU har utarbeidd (vedlegg) blir oppnemning av representantar formulert slik: "Leiar for utvalet har ansvar for oppnemning av kandidatar". I dagens praksis overstyrer det ei av brukarutvalet sine oppgåver: "å foreslå brukarrepresentantar frå brukarutval eller organisasjonar til plan- og prosjektarbeid, råd og utval." Er du samd i tolkinga av "ansvar"?

Ja.	Nei.
1	1

- Omtrent same svar som ovanfor. Strengt tolka gir dette stort mynde til leiar. Eg tolkar det likevel slik at intensjonen er at dette skal skje i dialog med medlemene i FBU slik det har vore praktisert til no. Å halde strengt på at alle slike utnemningar skal skje i møte i FBU vil bli upraktisk og vi vil lett kome tidsmessig på etterskot i høve framdrifta i prosjektgruppene. Første møte i prosjektgruppene er ofte eitt av dei viktigaste møta i gruppa.
- «Leiar har ansvar for at FBU oppnemner
- Ansvar tyder "å svare for", d.v.s. å svare for / stå til ansvar for at val blir gjort etter retningslinjene. Ulik tolking skaper lett konflikt. Avtalen bør harmoniserast med generelle retningslinjer.

Attval. Ein blir valt inn i brukarutvalet for 2 år om gangen. Bør dette prinsippet gjelde råd, utval og prosjekt også - dvs. praktisere attval? Eller skal representanten avgjere sjølv?

Attval.	Representanten avgjere sjølv.
3	1 avgjere sjølv?

Tidsavgrensa verv t.d. prosjekt: Bør det leggst vekt på kontinuitet og representanten sit ut tida?

Ja. - Nei. - Vurderast i det enkelte tilfelle.

4

- Det er viktig at representanten følg prosjektet ut.

7) Bør prinsippet "representere alle" gjelde både når ein skal representere meir generelle interesser for brukarane og når det er behov for reell erfaringskompetanse innan eit fagområde i til dømes råd, utval eller prosjekt? "

Ja.	Nei.	Skiljast.
2	1	

Denne saka har vore omstridt. Fagsjef i Psykisk helsevern, psykiater Trond Aarre, er opptatt av representanten skal representere ei gruppe ikkje berre seg sjølv. Er du:

Einig. Ueinig. Usikker.

2 1

Og tidlegare pasient- og brukarombod Lisa Refsnes har gitt til uttrykk for at problemstillinga er viktig og bør drøftast nærmare. Er du:

Einig. Ueinig. Usikker.

3

- Problemstillinga bør drøftast. Mitt standpunkt er at vi både representerer vår organisasjon og utvalet som organisasjon. Eg ser ikkje at dette skaper konflikt. Utvalet blir lett handlingslamma dersom den enskilde berre er opptatt av å ivareta sin organisasjon sine interesser, men melder seg ut eller blir passiv når saker som treng andre innfallsvinklar er på bordet. For å unngå mistyding: Eg meiner at den enskilde medlem i FBU skal både vere ein STERK talsmann for si gruppe, men også delta og kome fram med synspunkt på alle saker dei meiner å ha relevante meiningar om.
- Brukarrepresentanten representerer gruppa av alle med reell brukarkompetanse.
- Viktig at ein skil brukarrepresentasjon i brukarutvalet og representasjon i råd, utval og prosjekt. I sistnemde bør reell brukarerfaring gjennom ein organisasjon vere malen og gir legitimitet til helseforetaket. Saka bør drøftast på nytt.

”BU kan kontakte organisasjonane eller andre brukarutval i regionen for å få forslag til kandidatar til brukarrepresentasjon. Omsyn som tilseier at utvalet bør kontakte andre, er mellom anna kapasitet og kompetanse.” (jfr. sp.m. 5) Blir dette praktisert?

Ofte. Av og til. Aldri.

1 2

- Kanskje er eg no for bastant i svaret – det er mogeleg at det skjer av og til. Eg er likevel samd i at vi må sjå på føremålet med prosjektet og når det er nødvendig velje kandidatar utanfor FBU. Eg tenkjer da på kandidatar med spesielle kunnskap og innsyn i fagmålet. Dette kan gjerne skje i samarbeid med interesseorganisasjonane.
- Aldri: Det er mitt inntrykk at dette blir lite praktisert. For at brukarmedverknaden skal vere reell, må den som representerer ha reell kompetanse på fagfeltet.
- Av og til: HF har ved ulike høve bedt om representant utanom FBU og fått aksept for det. Så langt eg kjenner til blir ikkje andre imøtekome på dette. Praksisen bør diskuterast.

8) FBU si saksbehandling og vedtak

Har vi et forbedringspotensiale ved saksførebuing og behandle sakene på ein grundigare måte i sjølve møtet?

Ja. Litt. Nei.

2 2

9) **Oppfølging og gjennomføring av vedtak.** Vil det styrke verdiskapninga ved å bli flinkare til å følge opp egne vedtak, t.d. lovnad om samarbeid med organisasjonane i 2017 og no etablering av Erfaringsråd som ikkje er kome i gang?

Ja Nei Vil ikkje ta stilling.

3 1

- Utan oppfølging skaper FBU ikkje troverdighet og det blir lett eit dårleg miljø.

10) **Burde vi utvikle fellesfølelsen sterkare for å få betre kommunikasjon internt i FBU?**

Ja Nei Den er bra som den er.

1 3

11) **FBU sin leiar bør:**

a) vektlegge å sammenfatte diskusjonane

Ja. 2 Fungerer greit. 1 Nei.

b) i større grad søke konsensus

Ja. 1 Fungerer greit. 3 Nei.

c) halde fast på at fleirtallsprinsippet er det beste.

Ja. 1 Fungerer greit. 1 Nei. 1

- I saker der det er vanskeleg å kome fram til konsensus, må ein vere opne for å ta ned mindretalet sitt synspunkt/forslag i protokollen.
- Ei viktig oppgåve for leiar er å få konsensus.

12) **Kva har du bidratt med i møtene, til dømes ta del i diskusjoner, spele inn saker eller anna?**

- Det må andre evaluere.
- Tatt del i diskusjoner - sittet i utval.
- Delteke i diskusjonar.

13) **Bør vi ha fleire møter i FBU?**

Ja. Usikker. Nei.

2

14) Fungerer skype- og telefonmøter?

Godt. Middels. Dårleg.

1 2 1

Henvisninger / sitat frå Retningslinjer for felles Brukarutval i Helse Vest.

Vedlegg til spørjeskjemaet:

1. Retningslinjer for vurdering av brukarmedverknad på systemnivå - KS og HF.
2. Liste over råd, utval og prosjekt i FBU frå 2019 og 2020.
3. Oversikt representantane i FBU denne perioden.